

Minne frå skulegangen min på Hognestad skule

Av Tarald Oma

Eg begynte som elev på Hognestad skule hausten 1947. Den skulen har ei lang historie. Før meg har både bestefar, f. 1872, og far, f. 1908, gått der. Det er ei stolt skulehistorie som var ein viktig del av å byggja det nye Norge: Me fekk grunnlova i 1814 og me vart heilt sjølvstendige i 1905. Skulen og kunnskap til folket var sentral i denne nasjonsbygginga.

I 1860 vedtok Stortinget lov om fastskule. Fastskulen skulle ha 24 veker skule i året. Landet vart då inndelt i skulekrinsar, og det vart 9 krinsar i Time.

Hognestad krins var først Line krins, og det første skulehuset vart bygd der i 1865. Det var også lærarbustad i det skulehuset. I 1888 vart det flytt til Øvre Haugland, og så vart det flytt til Hognestad i 1893. Det vart utvida og sett på den plassen som det gamle skulehuset står nå.

Det vart så bygd nytt skulehus i 1933 på same plassen. I seinare tid er det bygd fleire nye bygningar på Hognestad skule.

Den første læraren i den faste skulen var Ingebret Fosse. Han var lærar frå 1865 til 1882, då måtte han slutta på grunn av sjukdom. Det var Ingebret Fosse som hjelpte Arne Garborg med bøker til å lesa i oppveksten. Bøkene vart gøynde i den blåe kista så ikkje far hans skulle finna dei.

Ommund Kalberg overtok som lærar i 1882 og arbeidde som lærar fram til 1917. Han kjøpte garden til bestefar sin på Hognestad då han begynte som lærar der.

I 1917 overtok Gunder Gundersen som lærar. Han var frå Høllen i Søgne og var lærar på Hognestad fram til 1960.

I 1958 vart Trond Lye tilsett som lærar, og han var lærar fram til 1998. Det har vore 4 lærarar (rektorar) på 135 år, og det må vera norgesrekord.

Ingebret Fosse var i 20 år.

Ommund Kalberg var i 35 år.

Gunder Gundersen var i 43 år.

Trond Lye var i 40 år.

Bakgrunnen for at lærarane var så lenge, må vera at det er gilde og lærevillige folk i Hognestadkrinsen.

Mitt første minne frå skulen var ein tidleg augustdag 1947. Då fylgde bestemor meg til skulen. Me skulle verte litt kjende, for alvoret tok til med den første skuledagen, som var litt seinare i august. Eg hugsar det første møtet som noko framandt og stort, og var ikkje så særleg motivert for å begynna. Då den første skuledagen kom, var det ikkje noko val, eg måtte i veg. Skulen låg slik til at det var 2,5 km til å gå over utmarka. Eg hadde ei syster som var eitt år eldre, så me gjekk i lag. Då vart alt så mykje tryggare. Skulen var to- delt, så me gjekk anna kvart år med dei som var eldre og yngre enn oss. I min klasse var det 16 elevar: 4 gutar og 12 jenter.

Det første som skulle lærast, var bokstavane. Det er sjølv grunnlaget for både lesing og skriving. Me gjekk anna kvar dag, og hadde alltid lekser som me måtte

gjera heime. Sjølve læringa gjekk greitt etter kvart, litt lesing og skriving vart det.

Skulen var delt i to bolkar. Den første var småskulen dei 3 første åra. I heile skuletida på 7 år gjekk me på skulen anna kvar dag. Då hadde me ei lærarinne som heitte Sigrid Ødemotland. Ho var passe streng og heldt god orden i klassen. Ho hadde eit sterk kristent livssyn, og det prega undervisinga i ein viss grad. Og så måtte me læra songar, helst salmevers, som me måtte reisa oss og framføra når me vart spurde. Det var mor som passa på at eg gjorde heimeleksa, og ho var nøye på at eg kunne leksa. Elles hugsar eg tilbake på friminutta som gilde stunder. Me hadde mest ball-leikar av ymse slag, der alle var med.

Fjerde året var det læraren, Gunder Gundersen, som overtok undervisinga. Han hadde vore på Hognestad så lenge at han hadde hatt far som elev. Det var slik det var for mange av oss. Han kjende dei lokale tilhøva svært godt. Då begynte me med sløyd om hausten, og slutta med sløyd om våren. Jentene hadde handarbeid og skulekjøkken når gutane hadde sløyd. Det likte eg godt, å læra å laga ting sjølv. Men då var eg komen i ein alder at eg måtte vera med på arbeidet heime. I storskulen vart undervisinga endra. Det vart meir rekning som var litt vanskelegare, og me fekk også stiloppgåver om ymse emne. Eg likte godt både historie og geografi. Eg lærde alle hovudstadane i Europa, og dei kan eg ennå. Eg meiner at den faktakunnskapen me måtte læra, var viktig. Det er ein god lærdom å ha med seg. Når dagens ungdom må finna fram mobiltelefonen, så kan eg gi svaret omgåande.

Elles var det gildt å syngja. Me lærde mange salmar og songar. Song er viktig for oss. Songen skaper glede og fellesskap. Når eg i dag er leiar i Time historielag, brukar me mange av dei songane eg lærde på skulen på medlemsmøta våre. Mobbing var det ikkje. Det trur eg kom seg av at læraren hadde svært god lokalkunnskap om den einskilde eleven, og la opp undervisinga deretter. Det var nok likevel slik at me som hadde lett for å læra, likte læraren godt. Det å gå anna kvar dag på skulen var etter mitt syn ein god blanding. Med lærde teori på skulen og praktisk arbeid heime. Det er ei god blanding av teori og praksis som skaper gagns menneske.

Her er ei lita historie om korleis det gjekk då eg var med på lannkøyring på fridagen: «Parfyme mot gjødsellukt»

Då eg gjekk på skulen i 1950 åra, var det vanleg å gå på skulen anna kvar dag. Den andre dagen var me med og hjelpte til med arbeidet på garden. Det året eg vart 13, skulle eg vera med og køyra «lann». I den tida var det vanleg å skilja fast gjødsel og urin, på jærsk «lann». Eg og drengen Askjell, som var 15 år, skulle køyra med kvar sin hest og lannkasse. Lannkasse var ein stor trekasse, med hjul og skjeker, som tok 500 liter. Den hadde lokk, og bak bladspreiar for spreining. Me hadde to store dølahestar som me brukte til det arbeidet, Stjerna og Baggen. Eg var kvikk til å velja Stjerna. Ho var den sprekaste, for eg tenkte det kunne verta litt kappkøyring. Arbeidet gjekk godt, og eg hugsar at eg følte meg som stor kar då eg køyrde heim etter nytt lass. Eg stod oppå lannkassen og fekk hesten opp

i trav. Når me kom på jordet med fullt lass, måtte me opna bladspreiaren. Det resulterte i at ein fekk ein god dusj over hendene. Om kvelden då arbeidet var slutt, sat ennå gjødsellukta sterkt i hendene. Eg prøvde med allslags såpe, men det nytta lite, og lukta auka då eg kom inn i stova der det var varmt. Askjell meinte at parfyme måte vera det rette for å ta lukta, men då mor og bestemor bruka lite slikt, var det vanskeleg å få tak i.

Dagen etter var skuledag, og lukta sat ennå i hendene. Det løyste eg på den måten at før skulen begynte, reiste eg på butikken til Paulsen og kjøpte den største og billegaste parfymeflaska dei hadde. Og då var det berre å dynka hendene, og så var lukta borte. Eg hugsar at dei andre elvane kjende på godlukta, og nokre fekk litt. I religionstimen i 11 tida gjekk læraren ut etter eit kart. Då tenkte nok eg at alle skulle få del i godlukta, så eg tok av korken og svinga meg rundt fleire gonger til flaska var tom, og det var mykje godlukta i heile klasseromet. Då læraren kom tilbake, stoppa han i døra og snuste og sa: «Her luktar roser og fiolar». Det vart fort avklart at eg var den skuldige, og då fekk eg læraren sin strengaste reaksjon: «Pakk sakene dine og kom deg heim». Eg hadde ikkje venta så sterk reaksjon, men det var berre å koma seg ut. Skuledagen slutta til vanleg kl. 2, så eg måtte gjera heimvegen ekstra lang. Foreldra min var svært nøye på at eg måtte oppføre meg fint på skulen, kunna lekse kvar dag, og dei lika best når det stod Sg og Mg i karakterboka. Eg kom heim til vanleg tid, men det eg ikkje visste, var at det skulle vera skulestyremøte den dagen. Far var formann i skulestyret. Eg var litt nervøs om læraren min møtte der. Om kvelden då far kom heim frå møtet, vart eg ropa inn i stova. Læraren hadde fortalt om parfymen, og at det lukta roser og fiolar heile dagen. Eg måtte forklara dette med lannlukta. Det forstod han, så eg fekk ei heller mild skjennepreik om at eg måtte oppføre meg fint på skulen. Det lova eg. Dagen etter var det også lannkjøring, men eg brukte aldri meir parfyme».

Etter folkeskulen har eg gått på framhaldskule, folkehøgskule og landbruksskule. Eg har aldri hatt noko problem med å få gode karakterar, sjølv om grunnlærdommen var ein todelt folkeskule. Det eg lærde på Hognestad skule, har vore eit godt grunnlag for meg å byggja livet mitt på.

Nå er det sterke krefter i Time kommunestyre som vil leggja ned Hognestad skule. «Økonomane» har rekna på det, og funne ut at det vert for dyrt å ha skulen. Eg tvilar på om dei store kulturverdiane skulen er midtpunktet for i ein skulekrins, vert vektlagde i dette reknestykket. Det er heller inga forskning som viser at ein stor skule, gjev betre lærdom til elevane enn ein liten skule. Eg trur at i små skular har dei som arbeider i skulen mykje betre lokalkunnskap om elevane sin bakgrunn. Og så er eg samd med Arne Garborg som seiar om skulen at det viktigaste er den gode læraren, anten skulen er liten eller stor.

Hognestadkrinsen er den eldste skulekrinsen i Time, og her står også det eldste skulehuset i kommunen. Så her er lange og solide skuletradisjonar å føra vidare. Det har i dei siste åra vore vekst og utvikling i krinsen, og det er ein god plass å veksa opp og få sin først lærdom. Det er godt miljø og god skule som byggjer ei god framtid for komande slekter.

Ein skulekrins har andre verdiar enn dei økonomiske. Det handlar om lokalmiljø der folk føler dei høyrer til, og tek ansvar for det. I krinsen har det vore eit rikt organisasjonsliv som har endra seg med åra, som naturleg er. Det er og har vore skulen som er det viktigaste grunnlaget for det. Til dykk som styrer kommunen: Ikkje tenk alt i pengar, det er andre verdiar som er viktigare.